

Norges Vassdrags- og Energiforening (NVE)
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo.

29.10.2021

Fråsegn om revisjon, angående Torfinno.

til å regulere og overføre Torfinnsvassdraget til Bergsdalsvassdraget
(meddelt ved kongelig resolusjon av 13. juli 1928)

og

**Løyve for BKK til å overføre Ljosvatn og Holmavatn i Torfinno til
Hamlagrøvatn**
(meddelt ved kongelig resolusjon av 31. august 1962)

Desse reguleringane og overføringane har medført tørrlegging av Torfinno. Vossovassdraget er nasjonalt laksevassdrag med ein laksebestand som er trua mot utrydding. Bestanden er halden levande gjennom genbank og omfattande kultiverings tiltak.

I samband med krav om revisjon vart det etablert målestasjonen i Torfinno 2019 og 2020. Denne viste m.a. at her var vatn nok i restfeltet slik at botndyr overlevde mellom tørkeperiodar. Dette viser og at det kanskje ikkje trengs store mengder til minstevassføring på den anadrome delen av Torfinno. BKK meiner det vert for stort kraftproduksjonstap med Q95 som krav til minste vassføring. Regulantane bør og vurdere andre slepp-punkt enn frå Torfinnsvatnet. Om minstevassføring t.d. vert tappa frå Holmavatn vert produksjonstapet mindre etter vårt syn. Holmavatn og Ljosvatn rann til Torfinno før regulering. Vatn frå desse nedslagsfelta var kanskje meir enn nok til unngå tørrlegging av den anadrome delen av Torfinno.

Torfinno fungerer i dag meir som ei yngelfelle enn ei trygg oppvekstelv. Fisk som oppheld seg i Torfinno vil truleg stryke med i stort omfang kvar gang elva vert vekke og vatnet forsvinn ned i elvebotn. Dette fordi det kan være vatn i Torfinno når det er mykje nedbør og ungfisk vandrar opp i elva. Ungfisken vert utsett for stranding når vatnet vert vekke att frå elva. BKK og Voss Energi føreslår m.a. habitatforbetrande tiltak som avbøting. Tersklar og hølar vil truleg ha god effekt, men det må og renne noko vatn i elva heile tida etter vårt syn.

Dei nedste 830 meterane av Torfinno var tidlegare viktig oppvekstelv for laks og aureyngel (og kanskje ei anna sideelv ved Hohølen som viser på gamle kart.) Sjøauren har og mista ei god elv for gyting og reproduksjon. Om laks nytta denne elva som gyteelv er usikkert, men både lakseyngel og aureyngel finn slike sideelvar for oppvekst. Tverrelva på motsett side av Torfinno i Vosso er godt døme på dette, og er viktig yngelhabitat. Her i utløpet av Tverrelva til Vosso er det el-fiskestasjon. Dette er ein av dei beste lokalitetane for laksesmoltproduksjon i Vosso.

Bane Nor har bygd terskel for å sikre Bergensbanen. Den avstengde delen av Torfinno kan opnast med passeleg store nedsenka røyr som fisk kan vandre gjennom. Dersom 830 meter anadrom elv vert opna att, det vert sikra vatn, og utført biotopfremjande tiltak, vil dette bli ei viktig oppvekstelv for sjøaure og laks i framtida.

Vi er no inne i naturrestaureringas 10 år. FN har utpeikt 2021 -2030 til verdas tiår for restaurering av økosystem. Vi ber regulantane Voss Energi og BKK om å kontakte Bane Nor og lage ein felles plan om korleis dei kan restaurere Torfinno til ei god elv.

Stiftelsen Voss klekkeri krev og at det vert innført krav til regulantane om tilstrekkeleg minstevassføring i Torfinno for å betra tilhøva for anadrome fiskeslag, og ta vare på det biologiske mangfaldet.

Helsing Stiftelsen Voss klekkeri

Rolf Abrahamsen, Voss jeger og fiskarlag.
Styreleiar

Geir Ove Henden
Dagleg leiar

Ole Kristian Skorve, VJF
Egil Hauge, VJF
Bjarne Bolstad, Bolstadelva AS
Rune Erling Eikevik, Bulken og Evanger elveigarlag
Heine Mestad, Teigdalen elveeigarlag
Kjetil Horvei, Voss Grunneigarsamskipnad
Kåre Tufte, Evanger sportfiskarlag
Kjell Hernes, Voss Herad